





STRANDA KOMMUNE

Doknr.: 493490 Tinglyst: 28.04.2021  
STATENS KARTVERK

**UTBYGGINGSAVTALE  
INNANFOR  
KOMMUNEDELPLAN FOR HEVSDALEN (2007)  
OMRÅDE Del av H37 og S1-S2-S3 Blådalen**

**1. Generelt****1.1 Partar**

**Stranda kommune, org.nr. 964 980 098**  
på eine sida, og

**Blådalslia AS, org.nr. 923575502**  
som eigar av eigedom gnr.53 bnr.394, bnr.400 og bnr.274,  
(området er avmerka på vedlagt kart), datert 27.02.2020.

**1.2 Formål**

Formålet med utbyggingsavtalar er heil- eller delfinansiering av tiltak definert i *Retningslinjer for utbyggingsavtalar innanfor kommunedelplan Hevsdalen* pkt. A (datert 04.02.10, revidert 26.05.10).

**1.3 Definisjonar***Planområde*

Det området som går fram av stadfesta reguleringsplan.

*Igangsettingsløyve*

Bygningsmyndigheita si godkjenning som grunnlag for at arbeid etter denne avtalen kan setjast i verk.

*Tekniske anlegg*

Tekniske anlegg er i denne samanhengen definert som vatn- og avløpsanlegg.

Forholdet reguleringssituasjon / utbyggingsavtale

1

STRANDA KOMMUNE

Mal for utbyggingsavtalar i Hevsdalen, datert 04.02.10, revidert 26.05.10

Sak KOM 065/10 24.06.10



**STRANDA KOMMUNE****2. Grunneigar/utbygger sitt ansvar**

- 2.1 Omfang av utbygging  
Omfang av utbygging i Hevsdalen er gjort i eige vedtak (sak KOM 064/10). Det er her opplista kva prosjekt/tiltak som skal finansierast gjennom utbyggingsavtale, heilt eller delvis. Midlane skal ikkje nyttast til administrasjon.
- 2.2 Grunnerverv  
Det skal inngåast avtale med grunneigarar, der Stranda kommune sjølv er grunneigar eller gjennom andre inngåtte avtalar.
- 2.3 Val av entreprenør  
Der Stranda kommune står som utbygger, skal val av entreprenør ut på anbod, dersom totalsum overstig terskelverdiane i Forskrift om offentlige anskaffelser.

**3. Kommunen sitt ansvar**

Stranda kommune har ansvar for at prosjekt vert gjennomført etter gjeldande regelverk, samt føre rekneskap for dei ulike utbyggingsprosjekta.

**4. Økonomiske betingelsar**

Økonomisk bidrag skal samsvare med reguleringsplanen sitt innhald og satsar i vedteken prisbase for utbyggingsavtalar i Hevsdalen, sak KOM 066/10 (kostnader og fordeling).

For å sikre kommunen og tredjeperson om at avtalt beløp vert innbetalt, vil anleggsbidrag forfalle til betaling ved søknad om rammeløyve (eller ved søknad i eitt trinn).

Avtalen omfattar det til ei kvar tid regulere eller bygde talet einingar innanfor områda som er omfatta av planen. Reguleringsendring som er fremja av utbygger sjølv gir ikkje rett til tilbakebetaling av innbetalt beløp.

Satsane i prisbasen er/vil verte årleg justert med prosentsats i samsvar med kommunal deflator.

**5. Vilkår for overtaking av tekniske anlegg**

Utbygger kan søke kommunen om overtaking av tekniske anlegg i eigen søknad (Må mellom anna støtte krav i VA-normen). Tekniske anlegg kan overdragast vederlagsfritt til kommunalt vedlikehald etter overtakingsforretning. Det skal skrivast protokoll frå overtakingsforretning som begge parter skal skrive under på.

**STRANDA KOMMUNE****6. Endringer / reforhandlingar**

Dersom utbyggar eller kommunen finn det naudsynt å gjere endringar i forhold til godkjende planar, skal konsekvensar og ansvar reforhandlast/avklarast mellom dei som har skrive under avtalen før endringar kan gjennomførast.

**7. Transport av avtalen**

Eventuell vidaretransport av avtalen kan ikkje finne stad før etter forhandlingar mellom dei berørte partar, og kommunen si godkjenning.

**8. Diverse****8.1 Varigheit**

Utbyggingsavtalen varer til vilkåra er oppfylte, dvs. til avtalt samla anleggsbidrag er innbetalt til Stranda kommune.

**8.2 Misleghald**

Misleghald kan gje rett til å heve avtalen. Ei heving inneber ikkje at avtalen fell bort, men at plikta til å levere fell bort.

**8.3 Tinglysning**

Avtalen skal tinglysast på gnr.53 bnr.394, bnr.400 og bnr.274. Grunneigar/utbyggar ber alle utgifter, tinglysing mv., i forbindelse med avtalen.

**8.4 Tvist**


Mogleg usemje om den inngåtte avtalen skal søkast løyst gjennom forhandlingar. Dersom ein ikkje oppnår semje, vert tvisten avgjort med bindande verknad av ei voldgiftsnemnd på 3 medlemmer, der sorenskrivaren i Ålesund oppnemner formannen, og kommunen og grunneigar/utbyggar kvar sin medlem.

**8.5 Ikrafttreding**

Denne avtalen trer i kraft når den er underskriven av begge partar. Avtalen skal underskrivast i to eksemplar, eitt til kvar av partane.

Stranda, den 13/4 2021.

Stranda kommune



Ordførar

  
Rådman

Stranda, den 02.04 2021.

Blådalslia AS




Org.nr. 923575502

eigar gnr.53 bnr.274

eigar gnr.53 bnr.394

eigar gnr.53 bnr.400





Stranda kommune



Reguleringsplan PBL 2008

§12-5. Nr. 1 - Bebyggelse og anlegg

- FF Fritidsbebyggelse-frittliggende
- BAT Annen offentlig eller privat tjenesteyting
- FT Fritids- og turistformål
- SKI Skianlegg
- FF/FT Frittliggende fritidsbustad/fritid/turistformål

§12-5. Nr. 2 - Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

- VEG Veg
- P Parkering

§12-5. Nr. 5 - Landbruks-, natur- og friluftformål samt reindrift

- LNFR-N Naturformål
- FO Friluftformål

§12-6 - Hensynssoner

- Flomfare


Linjesymbol

- Grense for faresone
- Planens begrensning

- Formålsgrense
- Regulert tomtegrense
- Byggegrense
- Regulert senterlinje
- Skitrassé
- Punktsymboler
- Tunnelåpning
- Brukar
- Avkjørsel - både inn og utkjøring

Kartopplysninger

Kilde for basiskart:  
Dato for basiskart:  
Koordinatsystem: ETRS89.UTM-32N  
Høydegrunnlag:



Reguleringsendring av:

Stranda kommune

Reguleringsendring for Blådalen

Nasjonal arealplanID: 2020004

Sakshandling i følge plan- og bygningsloven

| Nabovarsel / horing    | Administrativt vedtak | Plankart datert | Bestemmelser datert |
|------------------------|-----------------------|-----------------|---------------------|
| 23.11.2020             | 23.08.2022            | 22.01.2021      | 23.08.2022          |
| Utarbeidet av          |                       | Saksnr          | 20/423              |
| Sporstøl Arkitekter AS |                       | Rev. dato       | 23.08.2022          |

Det bekrefte av plankartet er i samsvar med fullmaktsvedtak

Plansjef

# STRANDA KOMMUNE



Reguleringsplan for felt S1-S2-S3, H37

REGULERINGSFØRESEGNER

BLAADALEN – STRANDAFJELLET

PLANID: 2020004

Føresegner datert 11.10.2013, justert 19.06.2014, revidert 22.01.2021 og 13.06.2022

Godkjent av Stranda kommune 23.08.2022

## § 1. REGULERINGSFØREMÅL

Avgrensing av planområdet er vist på plankartet med reguleringsgrense. Innafor området er arealet regulert til desse formål, jfr. plan- og bygningslova § 12-5:

### **PBL § 12-5.1 Byggeområde og anlegg**

- Frittliggjande fritidsbustader, FF
- Fritid / turistformål, FT
- Frittliggjande fritidsbustader / fritid / turistformål, FT/FF
- Skianlegg/skiløype, SKI
- Annan offentlig eller privat tenesteyting, BAT

### **PBL § 12-5.2 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur**

- Veg
- Parkering, P

### **PBL § 12-5.5 Landbruks-, natur-, og friluftformål samt reindrift**

- Friluftformål, FO
- Landbruks-, natur-og friluftsområde samt reindrift, LNFR1

### **PBL § 12-6 Hensynssoner**

- Flomfare

## § 2. REKKEFØLGJEKRAV

1. Utbygging innanfor planområdet kan ikkje skje før tilkomst, vatn og avlaup er godkjent av kommunen og ny avkjøring frå Fv. 60 er ferdig opparbeidd. Kulverter under tilkomstveg for skiløype skal byggjast samtidig med vegen.
2. Før området kan byggast ut må steinblokker som har fare for å rase sprengjast ut.

### § 3. FELLESFØRESEGNER

1. Reguleringsføresegnene gjeld i tillegg til gjeldande lovverk med forskrifter og vedtekter.
2. Det faste utvalet for plansaker kan, innafor ramma av lovverket, gje dispensasjon frå plan- og reguleringsføresegner.
3. Når reguleringsføresegnene er stadfesta, er det ikkje tillate å etablere privatrettslege særavtalar som er i strid med reguleringsplan.
4. Kommunen har krav om utbyggingsavtalar.
5. Dersom det ved tiltak i marka vert funne automatisk freda kulturminner, skal arbeidet straks stansast i den grad det rører ved kulturminna eller sikringssona rundt dei, jfr. Lov om kulturminne § 8. Melding skal snarast sendast til kulturminnestyresmaktene i Møre og Romsdal fylkeskommune, slik at verneestyresmaktene kan komme på synfaring og ta stilling til om tiltaket kan halde fram, og eventuelt krav for dette.
6. Bygg skal plasserast innanfor regulerte byggegrenser.

### § 4. BYGGJEOMRÅDE OG ANLEGG

#### 4.1 Generelle føresegner

1. Ved byggesøknad skal det liggje føre ein detaljert situasjonsplan som viser nøyaktig plassering av bygg, veger og parkering. Prosjekteringa skal vise terrenget og plassering av bygningar, med avstand til nabogrense og veg, både i plan og vertikalt. Det skal også visast i plan og snitt den delen av tomta som har terrenginngrep, og vise terrengbehandling. Situasjonsplan skal vera i målestokk 1:200 eller 1:500.
2. Bygningane skal utformast i samsvar med kommunen sine retningslinjer for byggeskikk, med omsyn til karakter og stiluttrykk, utforming av vindauge og fargebruk. Bygningane skal som hovudregel utformast med trekledning, betong, stein eller glas. Taktekke skal vere torv, skifer eller tre-/flistak.
3. Parkeringsplassar skal opparbeidast på eigen grunn, og parkeringsplassar på terreng skal visast på situasjonsplanen som følgjer byggemeldinga.
4. Plassering av avkjørslar (vist på plankartet med piler) er rettleiande. Ved justering av plasseringa må det dokumenterast at avkjøringa ikkje kjem i konflikt med vegkryss, kurvatur og liknande.
5. Ved frådeling av tomter kan det gjerast mindre justeringar av grensene for å få betre tilpassing til terrenget.
6. Dersom det på grunn av bratt terreng er nødvendig med breiare grøfteareal i samband med vegbygging, kan del av skjæring/fylling leggjast innafor tomteareal.
7. Bygningar skal planleggjast og plasserast slik i terrenget at ein unngår store terrenginngrep, og dei skal tilpassast eksisterande bygg. Der det er store høgdeskilnader, kan det krevjast at bygg vert trappa ned i terrenget. Som sikringstiltak mot skred skal det takast vare på mest mogleg av eksisterande vegetasjon innafor området.
8. Det er ikkje tillate med inngjerding av byggeområda eller tomtene.

#### 4.2 Frittliggjande fritidsbustader, FF

1. I områda FF1 – FF6 og FF8 – FF15 er det tillate å oppføre frittliggjande fritidsbustader.
2. Det kan byggjast inntil  $BYA = 200 \text{ m}^2$  pr. tomt, med hovudhytte, anneks og uthus/garasje. Anneks og uthus/garasje skal kvar for seg ikkje vera over  $40 \text{ m}^2$ . Dersom det vert oppført 2 eller 3 bygningar, skal disse plasserast i tunform. Hovudregel er at hovudhytta i hyttetunet skal ha hovudmøneretning parallelt med høgdekotene. Dette kan fråvikast når terrenget tillet det.
3. Fritidsbustader kan oppførast med inntil 5,5 m gesimshøgde og med mønehøgde 8,0 m frå gjennomsnittleg planert terreng i tråd med veileidar «Grad av utnytting» (H-2300).

Høgde på synleg grunnmur skal som hovudregel ikkje overstige 1,0 m over ferdig planert terreng, men kan fråvikast der terrenget tillet det. Bygningane skal ha saltak med takvinkel 20 – 30 grader.

4. Det skal vere plass til minimum to parkeringsplassar pr. tomt, samt plass til sykkelparkering. Opparbeiding skal skje samtidig med oppføring av fritidsbustad.

#### 4.3 Fritid/Turistformål, FT

1. Det er tillatt å byggje ut BYA= 50 %.
2. Bygga kan førast opp med saltak, pulttak eller flatt tak.
3. Bygningane i område FT1-FT2 kan ha gesimshøgde inntil 8,0 m og mønehøgde inntil 10,5 m frå gjennomsnittleg planert terreng i tråd med veileiar «Grad av utnytting» (H-2300). I område FT3 til FT8 kan gesimshøgde vere inntil 9,8 m, mønehøgde 12,5 m.
4. Høgde på synleg grunnmur skal ikkje overstige 1,0 m over ferdig planert terreng.
5. I parkeringskjeller underetasje FT1 og FT2 er et tillatt med tekniske anlegg, elektro og ventilasjon. Tekniske anlegg skal plasserast sikkert mot flaum. Bygg skal dimensjonerast slik at dei tåler flaum.
6. I områda er det tillate å byggje ut for fritids- og turistformål.
7. Det kan etablerast servicefunksjonar innanfor område FT1-FT8.

#### 4.4 Frittliggjande fritidsbustader/fritid/turistformål, FF/FT

1. I områda FF/FT1 – FF/FT6 er det tillate å føre opp frittliggjande fritidsbustader for privat eige eller for utleige.
2. Det kan byggjast inntil BYA = 200 m<sup>2</sup> pr. tomt, med hovudhytte, anneks og uthus/garasje. Anneks og uthus/garasje skal kvar for seg ikkje vera over 40 m<sup>2</sup>. Dersom det vert oppført 2 eller 3 bygningar, skal disse plasserast i tunform. Hovudregel er at hovudhytta i hyttetunet skal ha hovudmøneretning parallelt med høgdekotene. Dette kan fråvikast når terrenget tillet det.
3. Fritidsbustader kan oppførast med inntil 5,5 m gesimshøgde og med mønehøgde 8,0 m frå gjennomsnittleg planert terreng i tråd med veileidar «Grad av utnytting» (H-2300). Høgde på synleg grunnmur skal som hovudregel ikkje overstige 1,0 m over ferdig planert terreng, men kan fråvikast der terrenget tillet det. Bygningane skal ha saltak med takvinkel 20 – 30 grader.
4. Det skal vere plass til minimum to parkeringsplassar pr. tomt, samt plass til sykkelparkering. Opparbeiding skal skje samtidig med oppføring av fritidsbustad.

#### 4.5 Skianlegg, skiløyper, SKI

Innafor områdene SKI1, SKI2 og SKI3, kan det tilretteleggast for nedfartsområde for alpinanlegget og skiløype som også kan nyttast til sommaraktivitetar.

Det skal oppretthaldast eit naturleg vegetasjonsbelte langs vassdraget.

#### 4.6 Annan offentleg eller privat tenesteyting, BAT

Innanfor område BAT skal det leggjast til rette for offentleg eller privat tenesteyting (renovasjon mm). Området kan nyttast til tekniske anlegg for planområdet.

### § 5. SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR

1. Kjørevegar, private samleveggar, har regulert vegbredde minimum 8 meter, med opparbeidd vegbredde 5 meter inkludert vegskulder.
2. Private kjørevegar til hytter skal byggjast etter normal for landbruksveggar, vegklasse 3, med

regulert vegbreidde 4 meter og opparbeidd vegbreidde 3 meter inkludert vegskulder. Terrengefylling utover regulert breidde kan godkjennast der dette er nødvendig.

3. Vegskråningar og -fyllingar skal planerast og tilsåast snarast etter bygging, slik at dei har god estetisk utsjånad.
4. Parkeringsareal som er vist på plankartet skal opparbeidast, og skråningar/fyllingar skal tilsåast. Parkeringsarealet skal nyttast av bebruarar på tomt H37-17 og tomt 53 og 54.
5. Ved endeveg innanfor revidert planområde skal det opparbeidast vendehammar som tilfredsstiller Stranda kommune sine retningslinjer for tilrettelegging for uttrykingskøyretøy.

## § 6. LANDBRUKS, NATUR OG FRILUFTSFORMÅL SAMT REINDRIFT

### 6.1 Friluftsområde, FO

1. Friluftsområda skal sikre den frie ferdselen langs vassdraget og mellom hytteområda. Det kan opparbeidast løyper og tur- og sykkelstiar i området. Ved rydding skal det takast omsyn til vegetasjon og terrengformasjonar.
2. Det er tillate med oppføring av mindre tekniske installasjonar innanfor området. Tiltak må omsøkast i tråd med krav.
3. Det skal oppretthaldast eit naturleg vegetasjonsbelte langs vassdraget.

### 6.2 Naturområde, LNFR

1. Naturområda LNFR-N1 og LNFR-N2 er bratte område som vert liggjande urørt, utan tilrettelegging eller tekniske inngrep. I LNFR-N2 skal ikkje skogen hoggast, anna enn vanleg skjøtsel.
2. Det er tillate med oppføring av mindre tekniske installasjonar innanfor området. Tiltak må omsøkast i tråd med krav.

## § 7. HENSYNSSONER

I sør, mot elva, er det sett av hensynssoner, H320-1 til H320-7 som viser 200 års flaum. Bygningar og tiltak innanfor hensynssona skal leggjast på kote for flaumsikkert nivå (inkludert sikkerhetsmargin på 50 cm) i tråd med anbefaling i flaumrapport «Flomvurdering – Strandafjellet», Asplan Viak, 20.12.2019. 4,0 høgdemeter over normalvasstand. Innafor denne sona kan det plasserast parkeringsrom eller parkeringsplassar, men ikkje rom for fast opphald eller med tekniske installasjonar.

Stranda kommune, 23.08.2022

Kartverket Tinglysning  
PB: 600 Sentrum  
3507 Hønefoss

**Innsender:**  
Sunnmørsmegleren AS  
Org.nr: 922 415 080.  
Adresse: Pb. 4401, 6044 Ålesund



Doknr: 821026 Tinglyst: 05.07.2021  
STATENS KARTVERK

### Veirett

Knr 1525, gnr 45 Bnr 28 er avgiver av veirett fra FV60 og til bro over til Blådalslia. Se vedlagt kart.

### **Rettighet for fast eiendom (reell servitutt). Rettighet gis til:**

Knr 1525 Gnr 53 bnr 394  
Knr 1525 Gnr 53 bnr 400  
Knr 1525 gnr 53 bnr 460  
Knr 1525 gnr 53 bnr 461  
Knr 1525 gnr 53 bnr 462  
Knr 1525 gnr 53 bnr 463  
Knr 1525 gnr 53 bnr 464  
Knr 1525 gnr 53 bnr 465  
Knr 1525 gnr 53 bnr 466  
Knr 1525 gnr 53 bnr 467  
Knr 1525 gnr 53 bnr 468  
Knr 1525 gnr 53 bnr 469  
Knr 1525 gnr 53 bnr 470  
Knr 1525 gnr 53 bnr 471  
Knr 1525 Gnr 53 bnr 274  
Knr 1525 Gnr 53 bnr 456  
Knr 1525 Gnr 48 bnr 26  
Knr 1525 Gnr 53 bnr 457  
Knr 1525 Gnr 53 bnr 458  
Knr 1525 Gnr 53 bnr 277  
Knr 1525 Gnr 53 bnr 406  
Knr 1525 Gnr 53 bnr 297  
Knr 1525 Gnr 53 bnr 381  
Knr 1525 Gnr 53 bnr 396  
Knr 1525 Gnr 53 bnr 69  
Knr 1525 Gnr 53 bnr 296  
Knr 1525 Gnr 53 bnr 397  
Knr 1525 Gnr 53 bnr 371  
Knr 1525 Gnr 53 bnr 394  
Knr 1525 Gnr 53 bnr 275  
Knr 1525 Gnr 53 bnr 368



Rett kopi bekreftes

*[Signature]*

51

Knr 1525 Gnr 53 bnr 68

Gjelder også eiendommen skilt ut fra overstående eiendommer.

**Grunneiere – alle i knr 1525, Stranda kommune.**

|                                  |                               |                             |
|----------------------------------|-------------------------------|-----------------------------|
| <del>Gnr 45 Bnr 1 - 16,30%</del> | <del>- Ola Drege</del>        | <del>Fnr: 20124829721</del> |
| Gnr 45 Bnr 2 - 0,78%             | - Svein Roar Hagebakk         | Fnr: 09085431797            |
| Gnr 45 bnr 3 - 10,79%            | - Roger Furset                | Fnr: 21127748370            |
| gnr 45 bnr 4 - 9,46%             | - Erling Furset (1/2)         | Fnr: 22048740336            |
|                                  | Connie Strand Hoel (1/2)      | Fnr: 08108637634            |
| gnr 45 bnr 5 - 8,62%             | - Erling Furset (1/2)         | Fnr: 22048740336            |
|                                  | Connie Strand Hoel (1/2)      | Fnr: 08108637634            |
| gnr 45 bnr 6 - 6,39%             | - Magnar Furset               | Fnr: 06104926779            |
| gnr 45 bnr 7 - 2,75%             | - Marianne Karin Aune (1/5)   | Fnr: 12045329613            |
|                                  | - Solveig Kirsti Henden (1/5) | Fnr: 24055528043            |
|                                  | - Inge Vidar Aarseth (1/5)    | Fnr: 19096436731            |
|                                  | - Petter Egil Aarseth (1/5)   | Fnr: 19055025773            |
|                                  | - Øystein Kjell Aarseth (1/5) | Fnr: 09105629556            |
| gnr 46 bnr 1 - 21,43%            | - Jostein Furset              | Fnr: 30106333714            |
| gnr 46 bnr 2 - 19,16%            | - Kjartan Furset              | Fnr: 04017146977            |
| gnr 46 bnr 3 - 1,45%             | - Martin Vidar Vollen         | Fnr: 17046744578            |
| gnr 46 bnr 4 - 2,87%             | - Anlaug Reidun Furset        | Fnr: 06014639606            |

gnr 45 bnr 1, 16,3%. Jo Teddy Drege F.nr 190272-47728  
Gro Monika Drege F.nr 020171-47873

Stranda, dato:

Signatur ref. møteprotokoll:



Roger Arne Furset – Leder i Furset Grunneigarlag



Strandafjellet Skisenter AS, org.nr: 916 341 830

Samtykker til tinglysning av veirett fra FV60 til bro til Blådalslia.

Stranda 25.06.2021



Stig Rødseth

Styreleder Strandafjellet Skisenter AS








PRIVATMEGLEREN

Kartverket Tinglysning  
PB: 600 Sentrum  
3507 Hønefoss

Innsender:  
Sunnmørsmegleren AS  
Org.nr: 922 415 080.  
Adresse: Pb. 4401, 6044 Ålesund



DEKNR. 796493  
NEKTET TINGLYST 17 2021

Oppdragsnr  
313-21-9000

Ansvarlig megler  
Julianne Sørheim

Telefon  
98 87 06 91

Vår dato  
31.05.2021

### Erklæring

Følgende retter bes tinglyst til Stranda Kommune, org.nr: 964980098 på følgende gnr/bnr i 1525 Stranda kommune:

Gnr 53 bnr 394  
Gnr 53 bnr 400  
Gnr 53 bnr 460  
Gnr 53 bnr 461  
Gnr 53 bnr 462  
Gnr 53 bnr 463  
Gnr 53 bnr 464  
Gnr 53 bnr 465  
Gnr 53 bnr 466  
Gnr 53 bnr 467  
Gnr 53 bnr 468  
Gnr 53 bnr 469  
Gnr 53 bnr 470  
Gnr 53 bnr 471  
Gnr 53 bnr 472  
Gnr 53 bnr 473  
Gnr 53 bnr 474  
Gnr 53 bnr 475  
Gnr 53 bnr 476  
Gnr 53 bnr 477  
Gnr 53 bnr 478  
Gnr 53 bnr 479  
Gnr 53 bnr 480



Doknr: 956424 Tinglyst: 05.08.2021  
STATENS KARTVERK



Rett kopi bekrefte

mathe

Gjelder også eiendommer som sener blir utskilt fra eiendommene over.


**PRIVATMEGLEREN**


Plassering av kummer og ledninger slik det er vist på kart vedlagt kart.

- Ledningseier får vederlagsfritt rett til nødvendig fremkomst på eiendom og tillatelse til å benytte nåværende og framtidige veier til drift og vedlikehold av ledningsnett med tekniske innretninger for all framtid. Det inkluderer fremtidig fornying og ombygging, inspeksjon, vedlikeholds- og reparasjonsarbeid, og graving/sprenging, som hermed står i forbindelse.
- Grunneiers rettigheter og plikter:
  - a. Overordna beskrivelse  
Grunneier beholder eiendomsrett til eiendommen, og kan fritt disponere denne til dyrking, beiting, transport og lignende, dog med de restriksjoner som følger av denne avtalen. Det skal likevel ikke uten samtykke oppføres noen form for bygning/innretning, eller foreta sprenging, graving, planting av trær, nedsetting av gjerdestolpar, massetilførsel eller lignende, nærmere VA-anleggets ytterste kant enn 4 meter. Grunneier er forpliktet til å fjerne alle bygg og innretninga som blir oppført i strid med bestemmelsene i herværende punkt.
  - b. Varslingsplikt  
Grunneier skal varsle om arbeid på eiendommen som kan få negativ påvirkning på VA-anlegget, slik som men ikke begrenset til sprenging, graving, endring av terrenghøgde, bygging og liknende.  
Leidningseier vil deretter vurdere nødvendige sikkerhetsmessige tiltak, slik som påvisning og overvåking av arbeid nær VA-anlegget. Leidningseier dekker egne kostnader ved å anvisse sikkerhetstiltak. Arbeidet kan ikke iverksettes før leidningseier har gitt skriftlig aksept.
  - c. Skade på kabelanlegget  
Grunneier kan bli erstatningsansvarlig etter alminnelige erstatningsrettslige regler ved skade på kabelanlegget.

Denne avtalen skal tinglyses.

Stranda 01.06.2021

  
Kjetil Nordang (Etter fullmakt)  
For Blådalslia AS



DOKNR. 796493  
NEKTET TINGLYST 12/7 2021

\*Org.nr 923575502  
iht. fullmakt.





PRIVATMEGLEREN

Kartverket Tinglysning  
PB 600 Sentrum  
3507 HønefossOppdragsnr  
313-21-9000Ansvarlig megler  
Julianne SørheimTelefon  
98 87 06 91Vår dato  
29.06.2021

Att. Christian Mathiesen &lt;Christian.Mathiesen@kartverket.no&gt;

Angående salg av Blådalslia

Samtykke til erklæring om rett til plassering av ledninger og kummer.

Vedlegg:  
Signert dokument.

Signatur:

Håvard Maurset  
For Maurset Utleieservice ASRett kopi bekreftes  
*maurset*

Med vennlig hilsen



Eiendomsmegler MNEF/Fagansvarlig/Partner Julianne Sørheim



PRIVATMEGLEREN

Kartverket Tinglysning  
PB 600 Sentrum  
3507 HønefossOppdragsnr  
313-21-9000Ansvarlig megler  
Julianne SørheimTelefon  
98 87 06 91Vår dato  
29.06.2021

Att. Christian Mathiesen &lt;Christian.Mathiesen@kartverket.no&gt;

Angående salg av Blådalslia

Samtykke til erklæring om rett til plassering av ledninger og kummer.

Vedlegg:  
Signert dokument.


Signatur:

Kurt Riksheim  
For Riksheim Consulting AS

Rett kopi bekreftes

mabhr

Med vennlig hilsen



Eiendomsmegler MNEF/Fagansvarlig/Partner Julianne Sørheim

**Christian Mathiesen**

---

**Fra:** Julianne Sørheim <julianne.sorheim@privatmegleren.no>  
**Sendt:** onsdag 30. juni 2021 13.12  
**Til:** Christian Mathiesen  
**Emne:** SV: Deres ref. 313-21-9000, samtykker til tinglysing

**Firma**

Navn Maurset Utleieservice AS  
Org.nr. 926875345

**Firma**

Navn Riksheim Consulting AS  
Org.nr. 960186516



**PRIVATMEGLEREN**  
ÅLESUND

Med vennlig hilsen  
Julianne Sørheim  
Eiendomsmegler MNEF /Fagansvarlig / Partner  
98 87 06 91  
Besøk oss i Notenesgata 2, Ålesund

<https://privatmegleren.no/alesund>

NORDEAS EIENDOMSMEGLERKJEDE



 Last ned visittkort

**NB!** Ikke send sensitive personopplysninger ukryptert via epost.

**Fra:** Christian Mathiesen <Christian.Mathiesen@kartverket.no>  
**Sendt:** onsdag 30. juni 2021 12:41  
**Til:** Julianne Sørheim <julianne.sorheim@privatmegleren.no>  
**Emne:** Deres ref. 313-21-9000, samtykker til tinglysing

Hei,

Jeg ser at jeg glemte å be om at organisasjonsnumrene til Maurset Utleieservice AS og Riksheim Consulting AS ble påført de respektive samtykkeerklæringene. Kan du oppgi disse per epost, så legger jeg eposten sammen med erklæringene?

Privatmegleren Ålesund  
Pb 4401  
6044 Ålesund

Oppdragsnr Medhjelper Telefon Vår dato  
313-21-9000 Andrine Viset 45 02 14 04 28.07.2021

Att. Christian Mathiesen <Christian.Mathiesen@kartverket.no>

Angående salg av Blådalslia

Samtykke til erklæring om rett til plassering av ledninger og kummer.

Vedlegg:  
Signert dokument.

Signatur:



For Per Grøndahl Holding AS org.nr 986 929 274  
Per Magne Grøndahl

Med vennlig hilsen

Andrine Valde Viset  
Trainee



Reti kopi bekrefte

match



PRIVATMEGLEREN

Privatmegleren Ålesund  
Pb 4401  
6044 ÅlesundOppdragsnr  
313-21-9000Ansvarlig megler  
Julianne SørheimTelefon  
98 87 06 91Vår dato  
29.06.2021


Att. Christian Mathiesen &lt;Christian.Mathiesen@kartverket.no&gt;

Angående salg av Blådalslia

Samtykke til erklæring om rett til plassering av ledninger og kummer.

Vedlegg:  
Signert dokument.

Signatur:


For Waterstone AS org.nr 912 085 716  
Torstein HolsvikRett kopi bekreftes  
match

Med vennlig hilsen



Eiendomsmegler MNEF/Fagansvarlig/Partner Julianne Sørheim







*Stempelmerke nr. 25 -**5/6 67*  
*Stempelmerke nr. 5/6 67*LEIGEAVTALE

Mellom Stranda Idrottslag, v/styret, på den eine sida  
og følgjande grunneigarar på den andre sida:

1. Jon Nyberg, eigar av "Berge" gnr. 48 bnr. 4
  2. Lars Berge, eigar av "Berge" gnr. 48 bnr. 9
  3. Einar Lundanes, eigar av "Berge" gnr. 48 bnr. 3  
Inger Lundanes, do. do.
  4. Oskar Berge, eigar av "Berge" gnr. 48 bnr. 5-8  
Karen Berge, do. do.
  5. Anna H. Berge, eigar av "Berge" gnr. 48 bnr. 2  
Jens og Nelly Berge, do. do.
  6. Ole B. Berge, eigar av "Berge" gnr. 48 bnr. 1  
Klara Berge, do. do.
  7. Jonetta Kjølén, eigar av "Kjølén" gnr. 47 bnr. 2 ✓  
Olav og Randi Kjølén, do. do.
  8. Ole Kjølén, eigar av "Kjølén" gnr. 47 bnr. 1 ✓  
Ellen Kjølén, do. do.
  9. Erling Støbakk, eigar av "Slyngstad" gnr. 53 bnr. 26 ✓
  10. Jon Slyngstad, eigar av "Slyngstad" gnr. 53 bnr. 27 ✓
  11. Martin Langlo, eigar av "Slyngstad" gnr. 53 bnr. 28 ✓  
Anna Langlo, do. do.
  12. Torgny Relling, eigar av "Slyngstad" gnr. 53 bnr. 13 ✓
  13. Stranda Prestegårdstilsyn v/Jens Ringstad, eigar av  
"Slyngstad" gnr. 53 bnr. 1 (med atterhald om god- ✓  
kjenning av Kyrkjedepartementet)
  14. Peder Johnsen, eigar av "Berge" gnr. 48 bnr. 10 ✓
- samtlege i Stranda herad, er det inngått slik avtale:

1. Stranda Idrottslag får bygge ein større og ein mindre hoppbakke i vår søstermarks austre del, rekna frå noverande grense for Ringstad søstermark i ei breidd av ca. 120 m., og lengd rekna frå elva og oppover ca. 280 m. Bytelinjene er oppmerka med steinar.
2. Leigeavtalen gjeld frå 1. januar 1966.
3. Idrottslaget kan rydde, bygge og planere det som trengs for anlegget, men alt som vert gjort skal planleggast eller godkjennast av Statens Ungdoms- og Idrettskontor.
4. Anlegget må ikkje vere til hinder for folk og fe som skal ferdist der i sommarstida. Både i anleggstida og seinare må ein sjå til å rydde opp etter seg slikt som kan vere til fære for folk og fe.
5. Leigetida er 60 -seksti- år, med ei årleg avgift på kr. 140,- -etthundreogførti kroner-- . Avgifta skal betalast første gong når kontrakta vert undertekna, og seinare forskotavis kvar 1. januar. Leigeavgifta kan regulerast kvart 10. år i samsvar med engrospris-indeksen.

6. Denne kontrakta er utfjerda i 2 eksemplar.  
 Stranda Idrottslag skal ha det eine, og Jon Nyberg  
 på vegne av grunneigarane det andre eksemplaret.

Stranda, den 14. november 1966.

|                |               |                          |
|----------------|---------------|--------------------------|
| .....          | .....         | Inger Lundanes           |
| Jon Nyberg     | Lars Berge    | Einar Lundanes           |
| Karen Berge    | Nelly Berge   | .....                    |
| .....          | .....         | .....                    |
| Oskar Berge    | Anna H. Berge | Ole B. Berge Klara Berge |
|                | Jens Berge    |                          |
| .....          | .....         | .....                    |
| Jonetta Kjelen | Ole Kjelen    | Erling Støbbakk          |
| Olav Kjelen    | Ellen Kjelen  | .....                    |
| Randi Kjelen   | .....         | .....                    |
| .....          | .....         | .....                    |
| Jon Slyngstad  | Martin Langlo | Torgny Relling           |
|                | Anna Langlo   |                          |
| .....          | .....         |                          |
| Jens Ringstad  | Peder Johnsen |                          |
| Vitne:         | Jarle Nyberg  | T. Mork                  |
|                | .....         | .....                    |

I styret for Stranda Idrottslag:

|                  |              |                  |
|------------------|--------------|------------------|
| .....            | .....        | .....            |
| Ottar Slettevold | Ole Nydahl   | Hans Slettevoll  |
| .....            | .....        | .....            |
| Arve Mogstad     | Stein Langlo | Harald L. Langlo |
| .....            | .....        |                  |
| Arne Wollen      | Arne Klakegg |                  |
| Vitne:           | B. Gustavsen | T. Mork          |
|                  | .....        | .....            |

G O D K J E N D

Stempelmerke til kr. 35 må setjast på kontrakten  
 og kasserast innan ein månad frå i dag.

Oslo, 22. desember 1966  
 KYRKJE- OG UNDERVISNINGSDEPARTEMENTET  
 Etter fullmakt

Oskar Skjærseth  
 (sign)

Thor Fuglerud  
 (sign)

# Veg 1154 18

## Høyde over havet

519 m



## Offentlig transport

|                                    |                   |
|------------------------------------|-------------------|
| ✈ Ålesund Lufthavn, Vigra          | 1 t 35 min 🚗      |
| 🚉 Strandafjellet<br>Linje 110, 250 | 8 min 🚶<br>0.6 km |

## Avstand til byer

|              |              |
|--------------|--------------|
| Ålesund      | 1 t 22 min 🚗 |
| Ulsteinvik   | 1 t 52 min 🚗 |
| Kristiansund | 3 t 31 min 🚗 |
| Trondheim    | 6 t 🚗        |

## Ladepunkt for el-bil

|                     |          |
|---------------------|----------|
| 🚗 Stranda           | 10 min 🚗 |
| 🚗 Brunstad Kraft AS | 17 min 🚗 |

## Vintersport

- Langrenn
- Avstand til nærmeste løype: 243 m
  - 23 km preparert løype innenfor 15 km



- Alpin
- Strandafjellet Skisenter
  - Avstand til nærmeste bakke: 100 m
  - Skitrekke i anlegget: 7



## Aktiviteter

|                       |          |
|-----------------------|----------|
| Velleseterhytta       | 9.1 km   |
| Patchellhytta         | 11.1 km  |
| Stranda Golfklubb     | 17 min 🚗 |
| Ikorntnes Friluftsbad | 27 min 🚗 |

## Sport

|                                    |          |
|------------------------------------|----------|
| ⚾ Vestborg ballbane                | 6 min 🚗  |
| Ballspill, sandvolleyball          | 5.5 km   |
| ⚾ Strandahallen                    | 6 min 🚗  |
| Aktivitetshall, ballspill, fotball | 5.3 km   |
| 🏊 Stranda Treningssenter           | 8 min 🚗  |
| 🏊 Family Sports Club Sykkylven     | 25 min 🚗 |

## Dagligvare

|                         |         |
|-------------------------|---------|
| Spar Svingen            | 7 min 🚗 |
| Rema 1000 Stranda       | 9 min 🚗 |
| Post i butikk, PostNord | 6.9 km  |

